

Litteraturseminar og opplesingskveld  
på Sunde Kyst- og litteratursenter

Laurdag 18.02.2012



**EIT SENTER FOR**  
**SUNNHORDALANDS-**  
**LITTERATUREN**

Kvinnherad kulturfestival i samarbeid med kulturnemnda på SØRAL, Norsk kulturråd og Folkeakademiet i Hordaland inviterer til seminar og opplesing på Sunde Kyst- og litteratursenter.

## Program for seminar

- 10.00 Lars Amund Vaage: Kystkultursenter og litteratursenter  
10.45 Ottar Grepstad: Senter og periferi. Erfaringar frå ein nasjonal kulturinstitusjon i Indre hovedvegen  
11.30 Lunsj  
12.15 Vaksne menn på ville vegar (Ein musikalsk og litterær minikabaret av og med Per Olav Kaldestad, Ragnar Hovland, Hans Sande, Roald Kaldestad og Atle Hansen)  
12.45 Kenneth Steven: Litteratur i Skottland  
13.30 Einar Økland: Hopehav  
13.30 –15.00 Diskusjon

Konferansier: Hanne Bramness

Seminaravgift: kr. 200 ,- vert betalt v/påmelding

Påmelding til Kvinnherad bibliotek, Husnes, telf. 53 48 27 70 innan 13.2.2012

## Program for opplesingskvelden:

Oskar Stein Bjørlykke, Anne Karin Fonneland, Inger Bråtveit, Torgeir Schjerven, Rune Belsvik, Kenneth Steven, Einar Økland.  
Musikk: Knut Vaage

Start kl. 19.00

Konferansier: Hanne Bramness

Billetter: kr. 100,- vert betalt ved inngangen

# Kenneth Steven



Kenneth Steven er fødd (1968) og oppvaksen i Skottland. Han gjekk to år på folkehøgskule i Noreg og arbeider både som forfattar og omsetjar frå norsk. Han har m.a. omsett Halvbroren av Lars Saabye Christensen. Sjølv har han gitt ut 25 bøker og er omsett til ei rekkje språk, også norsk. (For meir informasjon om forfatterskapen sjå [www.kennethsteven.com](http://www.kennethsteven.com))

# Einar Økland




Einar Økland, f. 1940, Valevåg (i dåverande Valeystrand kommune). Far småbrukar og sjåfør, mor heimeverande. Utdanna klinisk psykolog 1965. Forfattar på heiltid sidan 1967. Har sidan debuten med ei diktsamling i 1963 gitt ut ei rekkje bøker i ulike sjangrar for barn og vaksne. Oppfattar seg sjølv som poet. Sidan 1985 busett på småbruket i Valevåg.

# Ottar Grepstad




Ottar Grepstad (1953) er forfattar og sidan 1999 direktør for Nynorsk kultursentrum. Han har gjeve ut ei lang rekke bøker om ulike emne. I 1998 vikarierte han i ein periode som dagleg leiar i Noregs Mållag. Han var leiar for Unge Venstre 1975–1976. Frå 1980 til 1994 var han tilsett i Det Norske Samlaget, og var mellom anna redaktør for Syn og Segn frå 1984 til 1988. Ottar Grepstad var rådsmedlem i Norsk kulturråd 2005–2009 og er styreleiar i Språkrådet (styremedlem 2006–2010). Dei seinaste bøkene hans er Viljen til språk: ei nynorsk kulturhistorie, 2006 og Avisene som utvida Noreg. Nynorskpressa 1850-2010, 2010.

# Lars Amund Vaage



Lars Amund Vaage, f. 1952 på Sunde og oppvaksen der. Han debuterte i 1979 og har seinare skrive fleire romanar, noveller, dikt, skodespel og barnebøker. For romanen Rubato (1995) fekk Vaage Kritkarprisen og han vart nominert til Nordisk Råds litteraturpris. Han har og fått Aschehougprisen, Gyldendalprisen, den svenske Doblougprisen og P2-lydaranes romanpris. Han har vore aktiv i etableringa av Sunde Kyst- og litteratursenter.

# Torgeir Schjerven



Torgeir Schjerven har gitt ut både dikt og romanar. Han har vore nominert til Nordisk Råds litteraturpris, og er blitt tildelt Hartvig Kirans minnepris, Litteraturkritikarprisen, Halldis Mores Vesaas' lyrikkpris og Den Norske Akademi's Pris. Romanen *Omvei til Venus* er omsett til fleire språk. Torgeir Schjerven er fødd i 1954, og bur i Oslo. Han debuterte i 1981 med diktsamlinga *Vekk*. Den seinaste boka hans er: *Den stødige tilstundelsen av jubel i virkelig trist musikk. Dikt* (Gyldendal, 2006).


# VAKSNE MENN



I dette programmet spelar Ragnar Hovland keyboard og syng, slik han gjorde det i Dei nye kapellanane m.a. Hovland og Atle Hansen turnerte i mange år saman med små minimalistiske kabaretar, og har skriva mange songar saman. Hans Sande har tidlegare vore med i visegruppe i Nord-Noreg og turnert med kabaret saman med visesongaren Malvin Skulbru. Han er elles ein både absurd og morosam poet, med stort publikumstekke. Per Olav Kaldestad har skriva songtekstar for Atle Hansen, Draum, Vamp, Aftenlandet m.fl., men er mest kjend som poet og for samarbeidet med Ragnar Hovland og Dag Helleve om fleire reisebøker. Roald Kaldestad har turnert land og strand med sin eigen rockemusikal Heavykatten, har spela gitar med Odd Nordstoga og Magnet, og er fast



# PÅ VILLE VEGAR



strengespelar i Storm Weather Shanty Choir. Han har gitt ut fem barnebøker og skrive for barnetimen. Atle Hansen har gitt ut fleire plater, den første var saman med Ragnar Hovland i 1986, Trøysteslaus Hotell. I 1984 gjesta han Vossajazz saman med den britiske poeten Adrian Henri. Som forfattar er han mest kjend for spenningsbøker for born, men har også skrive tre romanar for vaksne.

Til saman har desse fem forfattarane gjeve ut eit lite bibliotek med bøker i alle sjangrar for born, unge og vaksne. Vaksne menn på ville vegar er eit litterært og musikalsk program utanom det vanlege. Humor, poesi, romantikk og sentimentalitet, rock, blues og skeiv pop. Eit show du aldri har høyrte maken til!

# Anne Karin Fonneland




Anne Karin Fonneland (fødd 1956) debuterte i 1996 med diktsamlinga Marmormjølkk. Til no har ho for det meste skrive lyrikk for vaksne. Den seinaste boka hennar heiter Det er så lyst og kom ut i 2011. I tillegg har ho delteke med dikt og prosa for barn og unge i ulike antologiar. Ho arbeider som lærar ved Kvinnherad vidaregåande skule og bur på Sunde i Kvinnherad.

# Inger Bråtveit



Inger Bråtveit (1978) er frå Suldal . Ho har gitt ut romanane Munn mot ein frosen fjord (2002) og Siss og Unn (2008), og diktsamlinga Loveprosjekt ( 2009) i samarbeid med den svenske lyrikaren Cecilia Hansson. Tidlegare medredaktør av litteraturtidsskiftet Vagant, og sekundæroversetter av Bibel 2011, ein fullstendig revisjon av nynorsk- og bokmålsutgåva av Bibelen. Ho har samarbeidd med den norske musikaren Jenny Hval a k a Rockettothesky, og sammen har dei laga og framført dei performative forestillingane: Frå Mummy Big til Medea, Take My Voice og Kvit Søppel.

# Oskar Stein Bjørlykke




Oskar Stein Bjørlykke (fødd 1939) har i sitt litterære arbeid særleg vore aktiv på tre felt, det eine er dikt og romanar/føreteljingar for vaksne lesarar, det andre er barnebøker som også omfattar både dikt og forteljingar, det tredje er arbeid med liturgiske tekstar og bønetekstar. Dette siste har ført til engasjement i arbeidet med den nye norske bibelomsetjinga som kom i 2011 og likeeins nye liturgiske tekstar for Den norske kyrkja, også det i 2011. Av og til har han teke på seg oppgåver med gjendikting av poesi og prosa. Den siste boka Bjørlykke har gjeve ut er: For jordiske hjarte er ikkje nok, gjendikting 2010, saman med Per Olav Kaldestad, Nord-sjøforlaget.

# Rune Belsvik



Rune Belsvik er fødd i Haugesund i 1956 og oppvakse på Stord. Han bur nå i Randesund ved Kristiansand. Rune Belsvik debuterte i 1979 med *Ingen drittunge lenger*, som han også fekk Noregs mållags pris for i 1980. For barneøkene om *Dustefjerten* har Belsvik fått Kulturdepartementets litteraturpris. *Dustefjerten* er òg kjend frå barnetimen i NRK. Rune Belsvik blei tildelt Brageprisen 2000 for beste ungdomsbok, og har eit breitt og mykje verdsett forfattarskap bak seg. Han har dikta ei vedunderleg forteljing - *Verdas mest forelska par* (2001) - for barn og vaksne om kjærleikens magi og utfordringar, og om kva som kan henda når forelskinga skal på utstilling.

# Knut Vaage



Knut Vaage er busett i Bergen kor han livnærer seg som komponist. Han har utdanninga si i klaver og komposisjon frå Griegakademiet i Bergen. Frå Norges Musikkhøgskole har han fått realkompetanse som lektor i komposisjon. Knut har vore aktiv innafor fleire stilartar, men med hovudvekt på improvisasjon- og samtidsmusikk. Han har i fleire prosjekt utforska grensene mellom improvisasjon og komposisjon. Knut sin produksjon spenner frå symfoniske verk og opera, til solostykker. Musikken hans er ofte framført på konsertar og festivalar i inn og utland. Knut samarbeider ofte med forfattarar, og har tidlegare jobba saman med kjente namn som Torgeir Rebolledo Pedersen, Jon Fosse, Lars Amund Vaage, Hanne Bramness, Erling Indreeide, Frode Grytten og Ove Røsbak.



NORSK  
KULTURRÅD



Kvinneråd Kulturfestival



Folkeakademiet  
HORDALAND



Litteraturseminar og opplesingskveld  
på Sunde Kyst- og litteratursenter